

# Prop. 45 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2020 under Nærings- og fiskeridepartementet

*Tilråding fra Nærings- og fiskeridepartementet 20. november 2020,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Nærings- og fiskeridepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet 2020 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at posten blir tilført stikkordet *kan overførast* slik at eventuelle gjennstående løying ved utgangen av 2020 kan bli overført til 2021, jf. framlegg til vedtak II, 1.

### 2 Endringsforslag

#### Kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet

*Post 25 Forvalting og utvikling av kompensasjonsordning mv.*

Gjennom handsaminga av Prop. 142 S (2019–2020) og Innst. 19 S (2020–2021) om økonomiske tiltak i møte med virusutbrotet gav Stortinget ei løying på 25 mill. kroner for 2020 på denne posten til handsaming av ordning for kompensasjon for reiselivet og støtte for store publikumsarrangement. Det er avklart at Brønnøysundregistra skal handsame ordninga, og regjeringa har gjort framlegg om at ho blir forlenga fram til utgangen av februar 2021, jf. omtale i Prop. 1 S Tillegg 1 (2020–2021) om endring av Prop. 1 S (2020–2021). Det er usikkert kor mykje av løyinga som vil bli utbetalt i 2020. Det kan mellom anna ta tid før fakturaer for bistand til utvikling av digitale tenester for ordninga frå eksterne leverandørar kjem til utbetaling.

#### *Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjoner*

Noreg er medlem av ei rekke internasjonale organisasjoner og kommisjonar som er viktige for norsk nærings- og fiskeripolitikk. Ein av desse organisasjonane er det europeiske maritime sjøtryggleiksbyrået (EMSA). EMSA har til formål å sikre at Europakommisjonen og medlemslanda har tilgjengeleg naudsynt ekspertise og teknisk og vitskapeleg støtte for å gjennomføre eit høgt maritimt tryggleiks-, miljø- og arbeidsmiljønivå og hindre terrorverksemid gjennom eit harmonisert regelverk i EU. Noreg er medlem i EMSA med bakgrunn i EØS-avtalen. Medlemskapet sikrar deltaking i EU sitt lov- og regelverkarbeid og bidrar til å sikre norske interesser. Det blei budsjettert med ei kontingentutbetaling til EMSA på 14,7 mill. kroner for 2020. Endeleg kontingent i 2020 blei 16,7 mill. kroner. Aukinga har samanheng med valutakursendringar.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2 mill. kroner, frå 38,8 til 40,8 mill. kroner.

#### *Post 71 Miljøtiltak Raufoss*

I 2020 er det løyvd 4,3 mill. kroner til refusjonar for miljøtiltak ved opprydding av historisk forureining på Raufoss. Basert på oppdatert informasjon er det samla behovet no anslått til 5,4 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 1,1 mill. kroner frå 4,3 til 5,4 mill. kroner.

#### *Post 79 Kompensasjonsordning for utgifter til lovpålagt vedlikehald i sesongbedrifter*

Ved handsaminga av Innst. 360 S og Prop. 127 S (2019–2020) vedtok Stortinget ei løyving på 250 mill. kroner til ei kompensasjonsordning for bedrifter med lovpålagt vedlikehald. Søknadsfristen for ordninga var 15. september 2020. Ved utløp av søknadsfristen hadde Innovasjon Noreg fått 82 søknader med eit samla beløp til lovpålagte kostnader på i underkant av 128 mill. kroner. Innovasjon Noreg anslår at dei totale utbetalingsane under ordninga vil bli på om lag 18 mill. kroner. Årsaka til det låge støttebeløpet er mellom anna at det reelle omsetningsfallet for mange bedrifter i denne kategorien ikkje blei så stort som først antatt. Det var ei føresetnad at søkerane hadde mottatt tilskot frå den generelle kompensasjonsordninga for næringslivet for dei månadene dei søkte støtte for. Dette inneber at føretaka måtte ha hatt eit fall i inntekt på meir enn 20 pst. i mars og meir enn 30 pst. i april og mai. Vidare ligg det avgrensingar i forskrifta for den generelle kompensasjonsordninga med omsyn til kor mykje samla støtte bedriftene kan ta imot for ein enkelt månad, som enkelte av søkerane hadde nådd. Det endelege tilskotet blei berekna med utgangspunkt i føretaket sitt dokumenterte kostnader til lovpålagt vedlikehald i perioden 12. mars – 31. oktober 2020. Kostnadene til lovpålagt vedlikehald viste seg å vera mindre enn først antatt. Endeleg vises det til at det i Prop. 127 S (2019-2020) blei presentert at behovet for løyving til ordninga var svært usikker.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 229,5 mill. kroner, frå 250 til 20,5 mill. kroner. Reduksjonen i løyvinga tek omsyn til forvalt-

ningskostnader til Innovasjon Noreg, som ikkje er endeleg rekna ut enno.

#### *Post 84 Førebels tilskotsordning for reiseliv på Svalbard*

Ved handsaminga av Prop. 142 S (2019–2020) og Innst. 19 S (2020–2021) vedtok Stortinget å opprette ei førebels tilskotsordning for reiseliv på Svalbard med 25 mill. kroner. Regjeringa har sett iverk ei rekke økonomiske tiltak i 2020 for å avhjelpe konsekvensane av pandemien og smitteverntiltak. Deler av løyvinga til reiselivet på Svalbard vil truleg ikkje kome til utbetaling i inneverrande år, men vil vere viktig òg til neste år for å bidra til å gjenoppbygge og omstille ei hardt ramma reiselivsnæring på Svalbard.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at posten blir tilført stikkordet «kan overførast», jf. framlegg til vedtak II, 2.

#### **Kap. 902 Justervesenet**

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Situasjonen med koronavirus har medført lågare aktivitet for Justervesenet. Dei reduserte utgiftene kan likevel ikkje motsvare dei reduserte inntektene frå gebyr og sal av tenester, då Justervesenet i perioden har hatt utgifter sjølv om ein ikkje kunne utføre oppgåver som gav inntekter, mellom anna tilsyn. Dette gjeld mellom anna utgifter til løn og faste kostnader.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2,2 mill. kroner, frå 124,5 til 122,3 mill. kroner.

#### **Kap. 903 Norsk akkreditering**

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Prognosar tilseier at det blir noko lågare aktivitet innan Norsk akkreditering si kjerneverksemd enn det som blei lagt til grunn i Saldert budsjett 2020. Som følgje av virusutbrotet er det gjennomført få stadlege bedømminger.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, frå 56,2 til 46,2 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om å redusere oppdragsinntektene med same beløp, jf. omtale under kap. 3903, post 01.

## Kap. 904 Brønnøysundregistra

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga skal dekkje utgifter knytt til løn, pensjon og drift, mindre investeringar og oppdrag.

Ved stortingsvedtak 19. juni 2020, jf. Innst. 360 S og Prop. 117 S (2019–2020), blei løyvinga auka med 10 mill. kroner til utvikling av eit register over reelle rettshavarar. Framdrifta i prosjektet har midlertidig blitt lågare enn venta, mellom anna som følgje av arbeidet med forskrift for reelle rettshavarar. Brønnøysundregistra reknar med å bruke om lag 5,5 mill. kroner til prosjektet i 2020. Samstundes bør midlar til utviklingsprosjekt løvvast på post 21, og den resterande løyvinga til utvikling av register for reelle rettshavarar flyttast til post 21. Nærings- og fiskeridepartementet gjer derfor framlegg om å redusere løyvinga med 10 mill. kroner øyremerka til register over reelle rettshavarar, og at 5,5 mill. kroner av disse blir omdisponert til post 21. Departementet vil kome tilbake til resterande løyving til prosjektet i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2021.

Vidare tilseier Brønnøysundregistra sine prognosar at etaten vil få ein meirinntekt på om lag 6,7 mill. kroner under kap. 3904, post 02, jf. omtale under denne posten. Posten har ein meirinntektsfullmakt, og det blir gjort framlegg om ei paralleljustering.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med netto 3,3 mill. kroner, frå 359,4 til 356,1 mill. kroner.

### *Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast*

Løyvinga skal dekkje utgifter knytt til støtte til utviklingsprosjekt for register i Brønnøysundregistra, jf. omtale under post 01.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 5,5 mill. kroner, frå 21,8 til 27,4 mill. kroner.

### *Post 45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald, kan overførast*

Løyvinga skal dekkje utgifter til prosjekt for ny registerplattform. Framdrifta i prosjektet er lågare enn venta i 2020. Lågare framdrift har medført forseinkingar i nokon leveransar, som mellom anna har medført redusert aktivitet i innføringsprosjektet og at Brønnøysundregistra utset planlagt oppbemannning i prosjektet då det ikkje synast hensiktsmessig å bemanne opp på dette tidspunktet.

Kostnadsramma for prosjektet er den same, og endringa er berre ei tidsforskyving.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 65 mill. kroner 2020, frå 188 til 123 mill. kroner.

## Kap. 905 Noregs geologiske undersøking

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga skal dekkje utgifter knytt til løn, pensjon og drift, mindre investeringar og oppdrag. Ved handsaminga av Innst. 360 S (2019–2020) vedtok Stortinget ei startløyving på 10 mill. kroner i 2020 til bygging av eit nytt forskingsfartøy til bruk innanfor marin forsking og marinegeologisk kartlegging. Samtidig blei det vedtatt ei bestillingsfullmakt på 60 mill. kroner knytt til anskaffinga.

Noregs geologiske undersøking reknar med å bruke rundt 4 mill. kroner til anskaffinga i 2020, i all hovudsak knytt til nokon av dei vitskapelege instrumenta til fartøyet. Anskaffinga av sjølve fartøyet er kompleks og må forsøkvast i tid, slik at kontrahering av bygging først kan skje våren 2021. Samstundes bør ein slik anskaffing løvvast over post 45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald. Det vil ikkje bli behov for å føreta bestillingar knytt til fartøyet i 2020. Bestillingsfullmakta under posten kan derfor gå ut, jf. framlegg til vedtak IV.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, frå 199,9 til 189,9 mill. kroner.

### *Post 45 (ny) Større utstyrsskaffingar og vedlikehald, kan overførast*

Ein viser til omtale under post 01.

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å dekkje utgifter knytt til anskaffing av nytt forskingsfartøy på denne posten. NGU ventar å bruke om lag 4 mill. kroner til anskaffinga i 2020, medan resterande utgifter vil kome til utbetaling i etterfølgande år. For 2021 er det gjort framlegg om ei løyving på 40 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å løyve 4 mill. kroner på ny post i 2020.

## Kap. 906 Direktoratet for mineralforvalting med Bergmeisteren for Svalbard

### *Post 31 Miljøtiltak Løkken, kan overførast*

Løyvinga omfattar utgifter for gjennomføring av miljøtiltak i samsvar med tiltaksplan for Løkken

gruver. Driftsstans ved nøytraliseringsanlegget har medført at utgiftene til kalk og straum har vore lågare enn venta i 2020.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 700 000 kroner, frå 7,5 til 6,8 mill. kroner.

## **Kap. 907 Norsk nukleær dekommisjonering**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Som følgje av koronapandemien og forseinkingar i rekruttering av stillingar er utgiftene lågare enn rekna med. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, frå 50 til 40 mill. kroner.

### *Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast*

Løyvinga blir nytta til utgreiingar og nødvendige oppryddingsrelaterte aktivitetar. På grunn av forseinka framdrift i oppryddingsprosjekta er det berekna at det blir ein mindreutgift på posten. Årsaka til forseinkinga er kompleks og skyldast mellom anna eksterne faktorar som er vanskeleg å føreseeie. Dette er til dømes forseinkingar i handsaming av pålegg frå Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet og redusert aktivitet som skyldast koronapandemien.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 100 mill. kroner, frå 177 til 77 mill. kroner.

### *Post 30 Opprydding Søve*

Ved handsaminga av Innst. 360 S og Prop. 117 S (2019–2020) blei løyvinga redusert med 19,6 mill. kroner, frå 21,6 til 2 mill. kroner. Arbeidet er starta opp. Norsk nukleær dekommisjonering og Institutt for energiteknikk har i hovudsak brukt eigne ressursar i arbeidet og reknar ikkje med å bruke meir enn om lag 500 000 kroner av løyvinga i 2020.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner, frå 2 mill. kroner til 500 000 kroner.

## **Kap. 909 Tiltak for sysselsetjing av sjøfolk**

### *Post 73 Tilskot til sysselsetjing av sjøfolk, overslagsløyving*

Tilskotsordninga for sysselsetjing av sjøfolk er ei regelstyrt ordning. Overslagsløyvinga er såleis basert på venta utbetalingar etter gjeldande regel-

verk i budsjettåret 2020. Overslagsløyvinga blei økt med 89,7 mill. kroner ved handsaminga av Innst 360 S og Prop. 117 S (2019–2020). Ved handsaminga blei løyvinga auka som følgje av fleire sjøfolk og høgare lønsnivå. Samtidig blei det tatt høgde for kortsiktige permitteringar i passasjertransportsegmentet, som isolert sett reduserte løyvingsbehovet. Det blei i Innst. 360 S (2019–2020) vedtatt å oppheve makstaksgrensa for tilskotsmodellane skip i NIS, konstruksjons-skip i NIS og petroleumsskip i NOR.

Som følgje av ein nedgang i talet på sjøfolk i tilskotsmodellen for passasjerskip i NOR i utanriksfart og skip i NOR som betener strekningen Bergen–Kirkenes, og reduksjon i arbeidsgivaravgifta i tredje termin, vil løyvingsbehovet reduserast i 2020.

På dette grunnlaget gjer regjeringa framlegg om å redusere løyvinga med 75 mill. kroner, frå 2 263 til 2 188 mill. kroner.

## **Kap. 910 Sjøfartsdirektoratet**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Med bakgrunn i auka inntekter under kap. 3910, post 03 gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke i løyvinga med 7 mill. kroner frå 434,3 til 441,3 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3910, post 03.

## **Kap. 915 Regelrådet**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Som følgje av koronapandemien har utgiftene til reiser og møter vore lågare enn venta i 2020.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 200 000 kroner, frå 11,2 til 11 mill. kroner.

## **Kap. 917 Fiskeridirektoratet**

### *Post 21 Særskilde driftsutgifter*

Posten gjeld utgifter til ordninga med fiskeforsøk og utviklingstiltak, heretter omtalt som «ordninga». Delar av utgiftene er finansiert av inntekter over kap. 3917, post 22, og det er ein meir-inntektsfullmakt knytt til posten.

Fiskeridirektoratet har no berre sporadiske inntekter frå forskingsfangst. Den delen av ordninga for fiskeforsøk og utvikling som tidlegare blei finansiert av fangstintekter, blir no i all hovudsak finansiert av fiskeriforskinsavgifta.

Fiskeridirektoratet har dei siste åra bruttoført dei kostnadene til ordninga som har blitt finansiert med fiskeriforskinsavgift. Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om at desse utgiftene til ordninga i staden føres direkte mot kap. 917, post 22 Fiskeriforsking og -overvaking, slik at utgiftene og inntektene knytt til denne delen av fiskeriforskinsavgifta ikkje blir ført dobbelt i statsrekneskapen.

I 2020 er det for første gong på nokre år gitt ein forskingskvote, som vil generere ei fangstintekt på om lag 1 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 3,7 mill. kroner, frå 11,2 til 7,5 mill. kroner mot at kap. 3917, post 22 blir redusert tilsvarende.

#### *Post 22 Fiskeriforsking og -overvaking, kan overførast*

Ein viser til nærmere omtale under kap. 5574 Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet, post 74 Fiskeriforskinsavgift om å redusere anslaget på innbetalt avgift i 2020. Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 5,5 mill. kroner, frå 111,9 til 106,4 mill. kroner, mot at kap. 5574, post 74 blir redusert tilsvarende.

#### *Post 45 (ny) Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald, kan overførast*

Ved handsaminga av Innst. 360 S og Prop. 127 S (2019–2020) blei det løvd 65 mill. kroner på kap. 926 Havforskinsinstituttet, forskingsfartøy, post 45 Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald, av dette 40 mill. kroner til oppgradering og vedlikehald av eksisterande forskingsfartøy og utstyr til kontrollfartøy. Av denne løyvinga er det avklart at 2,1 mill. kroner nyttast til utstyr til kontrollfartøy for Fiskeridirektoratet.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løying på 2,1 mill. kroner på posten.

#### **Kap. 919 Ymse fiskeriføremål**

##### *Post 73 Tilskot til kompensasjon for CO<sub>2</sub>-avgift*

Posten blei redusert frå 255 mill. kroner til 5 mill. kroner ved handsaminga av Innst. 360 S og Prop. 117 S (2019–2020).

Nye anslag frå Garantikassa for fiskarar viser at utgiftene i 2020 til administrasjon berre vil bli om lag 1 mill. kroner. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å

redusere løyvinga med 4 mill. kroner, frå 5 til 1 mill. kroner.

#### *Post 74 Erstatningar, kan overførast*

Posten dekkjer eventuell utbetaling av erstatning til fiskarar etter to erstatningsordningar:

- erstatning som følgje av beslaglegging av fiskefelt etter vedtak i medhald av petroleumslova § 8-2 og FOR 2008-12-12-1357
- kompensasjon til fiskarar for tapt fangsttid når dei lokaliserer, tek opp og bringar i land skrap som ikkje kjem frå petroleumsverksemdunder etter vedtak i medhald av petroleumslova § 10-18 og FOR-2009-06-19-700

Sakene blir handsama i erstatningsnemnden. Fiskeridirektoratet er sekretariat for nemndene.

Dei fleste sakene om erstatning gjeld økonomisk tap som følgje av seismikkinsamling. Det er i 2020 utbetalte fleire og større erstatningar enn normalt, som følgje av at det blei skote seismikk rett før opning av 2. periode av blåkveitefisket i 2019.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2,1 mill. kroner, frå 1,9 til 4 mill. kroner.

#### **Kap. 922 Romverksemdunder**

##### *Post 51 Eigenkapital til Andøya Space Center, kan overførast*

Ved handsaminga av Innst. 360 S og Prop. 127 S (2019–2020) blei det gitt tilsegn med vilkår om inntil 282,6 mill. kroner i eigenkapital på post 51 og 83 mill. kroner i tilskot på post 76 til etablering av ein oppskytingsbase for småsatellittar på Andøya. Eigenkapital og tilskot skal utbetalast over fleire år, i takt med behovet prosjektet har for finansiering. Det er venta at det totale behovet for eigenkapital i 2020 vil vere 29 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 253,6 mill. kroner, frå 282,6 til 29 mill. kroner. Nærings- og fiskeridepartementet gjer samstundes framlegg om ei fullmakt til å kunne overskride løyvinga innanfor tilsegnssramma for eigenkapitalen på 282,6 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak V, 1. Eigenkapitalen vil bli utbetalta etter behov.

##### *Post 70 Kontingent i European Space Agency (ESA)*

Kontingenget i den europeiske romorganisasjonen ESA blir utbetalta i euro. Norsk Romsenter har

hatt utbetalingar i euro til ESA til anna valutakurs enn den som blei lagt til grunn i Saldert budsjett 2020. Ved handsaminga av Innst. 360 S og Prop. 117 S (2019–2020) blei det gitt ei tilleggsløyving på 7,6 mill. kroner for å kompensere for auka eurokurs. Det har vist seg at anslaget for eurokursen framleis var for lågt. I tillegg har løvingsbehovet på posten blitt justert i samsvar med oppdatert betalingsprofil.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løvninga med 12,5 mill. kroner, frå 232,9 til 245,4 mill. kroner.

#### *Post 71 Internasjonal romverksemd*

Utgifter ved deltaking i internasjonal romverksemd blir utbetalt i euro og amerikanske dollar. Norsk Romsenter har hatt utbetalingar i euro til den europeiske romorganisasjonen ESA og EASPAvtalen og i amerikanske dollar til det kanadiske radarsatellittprogrammet, Radarsat. Ved handsaminga av Innst. 360 S og Prop. 117 S (2019–2020) blei det gitt ei tilleggsløyving på 15,4 mill. kroner for å kompensere for endra valutakursar. Det har vist seg at anslaget for valutakursen framleis var for lågt. I tillegg har løvingsbehovet blitt justert i samsvar med oppdatert betalingsprofil. Dette inneber at gjeldande løving blir foreslått auka med 21,6 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løvninga med 21,6 mill. kroner, frå 502,2 til 523,8 mill. kroner.

#### *Post 73 EU sine romprogram*

Kontingent for norsk deltaking i romprogramma til EU blir utbetalt i euro. Eurokurs og framdrift i programma har endra seg i løpet av budsjettåret samanlikna med det som blei lagt til grunn i Saldert budsjett 2020. Dette inneber at gjeldande løving blir foreslått auka med 10,3 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løvninga med 10,3 mill. kroner, frå 396 til 406,3 mill. kroner.

#### *Post 76 Tilskot til Andøya Space Center, kan overførast*

Det vises til omtale under post 51. Ved handsaminga av Innst. 360 S og Prop. 127 S (2019–2020) blei det løvd 83 mill. kroner til tilskot til Andøya Space Center. Det er venta at det totale behovet for utbetaling av tilskot i 2020 er 37 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løvninga med 46 mill. kroner, frå 83 til 37 mill. kroner. Nærings- og fiskeridepartementet gjer samstundes framlegg om ei fullmakt til å kunne overskride løvninga innanfor tilsegnssramma for tilskotet på 83 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak V, 2. Tilskotet vil bli utbetalt etter behov.

#### **Kap. 923 Havforskinsinstituttet**

##### *Post 22 Fiskeriforskning og -overvaking, kan overførast*

Ein viser til nærmere omtale under kap. 5574 Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet, post 74 Fiskeriforskinsavgift, om å redusere anslaget på innbetalt avgift i 2020. Departementet gjer framlegg om å redusere løvninga med 9,5 mill. kroner, frå 204,5 til 195 mill. kroner, mot at kap. 5574, post 74 blir redusert tilsvarende.

#### **Kap. 924 Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram**

##### *Post 70 Tilskot*

Løvinga dekkjer kontingent til Europakommisjonen for norsk deltaking i EU-program som Nærings- og fiskeridepartementet har fagansvar for. Endra valutakurs (euro) gir grunnlag for å endre løvninga på posten.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løvninga med 705 000 kroner, frå 10,8 til 11,5 mill. kroner.

#### **Kap. 926 Havforskinsinstituttet, forskningsfartøy**

##### *Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast*

Løvinga dekkjer kostnader til drift av forskningsfartøy som Havforskinsinstituttet drifter på oppdrag av andre institusjonar, og motsvarast av tilsvarende løving på kap. 3926, post 01. Frå 2019 drifter Havforskinsinstituttet også det isgående forskningsfartøyet «Kronprins Haakon», der hoveddelen av kostnadene skal refunderast av Universitetet i Tromsø og Norsk Polarinstitutt. Det er ikkje tatt omsyn i budsjettet for endringane i fartøyporteføljen.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løvninga med 37 mill. kroner, frå 88 til 125 mill. kroner, mot ei tilsvarende auking på kap. 3926, post 01.

### *Post 45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald, kan overførast*

Ved handsaminga av Innst. 360 S og Prop. 127 S (2019–2020) blei det mellom anna løyvd 40 mill. kroner til oppgradering og vedlikehald av eksisterande forskingsfartøy og utstyr til kontrollfartøy. Av dette beløpet er det avklart at 2,1 mill. kroner skal nyttast til utstyr til kontrollfartøy for Fiskeridirektoratet, jf. omtale under kap. 917, post 45.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyinga med 2,1 mill. kroner, frå 107 til 104,9 mill. kroner.

### *Utbetring av resterande garantikrav for forskingsfartøyet «Kronprins Haakon»*

Det nye isgåande forskingsfartøyet «Kronprins Haakon» blei tatt over frå verftet 27. mars 2018. Ved utløpet av garantiperioden er det mange uoppgjorte garantikrav knytt til ulike feil og manglar ved fartøyet som er oppdaga etter levering. Etter Havforskingsinstituttet si vurdering er dette krav som ut frå kontrakten skal dekkjast av byggjeverftet. Dette blir avvist av verftet. Det er nødvendig å utbetre dei gjenståande manglane, og det blir lagt opp til at dette skal gjerast ved års-skiftet 2020/2021 og i første halvår 2021. Samla kostnad for utbetring av garantikrav og eventuelle prosesskostnader er berekna til 36 mill. kroner, ut over det som kan dekkjast av gjenstående løying til anskaffing av fartøyet. Eventuelle prosesskostnader i 2020 kan dekkjast mellombels av eksisterande løying på posten.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å gi Havforskingsinstituttet fullmakt til å foreta bestillingar ut over gitte løyingar med inntil 34 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak III. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med framlegg om løying i 2021.

### **Kap. 935 Patentstyret**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å redusere løyinga til driftsutgifter med 0,8 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak reduserte inntekter på kap. 3935, post 04. Som følgje av koronapandemien har ikkje bistandsprosjekt blitt gjennomført som planlagt, og tilskotet skal reduserast med 3,5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3935, post 04. Samtidig har Patentstyret hatt utgifter til løn som må dekkjes sjølv om prosjekta

er avlyst, og ekstraordinære utgifter som følgje av koronaepidemien.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyinga med 800 000 kroner, frå 284,2 til 283,4 mill. kroner.

### **Kap. 950 Forvalting av statleg eigarskap**

#### *Post 21 Særskilde driftsutgifter*

I Saldert budsjett 2020 er det løyvd 22,8 mill. kroner til å dekkje utgifter og fagleg bistand i samband med aksjetransaksjonar i selskap under Nærings- og fiskeridepartementet si forvalting. Posten skal også dekkje konsulentbistand ved eigarskap og strukturmessige vurderingar og VPS-avgifter. Dei samla utgiftene for 2020 er anslått til om lag 39,5 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyinga med 16,7 mill. kroner, frå 22,8 til 39,5 mill. kroner.

### **Kap. 2421 Innovasjon Noreg**

#### *Post 50 Innovasjon – prosjekt, fond*

Innovasjon Noreg har gjennom 2020 mottatt betydelege tilleggslovingar på post 50. Gjennom Stortinget sitt vedtak 31. mars om endringar i statsbudsjettet knytt til økonomiske tiltak i møte med virusutbrotet, jf. Innst. 216 S og Prop. 67 S (2019–2020), fekk selskapet ein tilleggsloving på posten på totalt 3,72 mrd. kroner til innovasjonstilskot (2,1 mrd. kroner), etablerartilskot (500 mill. kroner), rentestøtfond (300 mill. kroner), tilskot til private innovasjonsmiljø (50 mill. kroner), tapsavsetjing for innovasjonslån pga. auka låneramme (720 mill. kroner) og tilskot til klynger (50 mill. kroner). Innafor ramma for innovasjonstilskot har Innovasjon Noreg sjølv satt av 50 mill. kroner til ei eige, mellombels mentorordning.

I tillegg fekk selskapet gjennom Stortinget sitt vedtak 19. juni ei ekstra løying på 250 mill. kroner til omstilling av reiselivsnæringa, jf. Innst. 360 S og Prop. 127 S (2019–2020). Med løyinga på 495 mill. kroner frå Saldert budsjett disponerer Innovasjon Noreg totalt 4,465 mrd. kroner på posten i 2020.

Selskapet opplever stor etterspurnad etter dei fleste ordningane, men ser at nokre av løyingane truleg ikkje blir disponert fullt ut innan utgangen av året. Det vil venteleg stå att midlar til etablerartilskot, mentorteneste og tapsavsetjing for innovasjonslån.

Av ordninga innovasjonstilskot, med ei ramme på 2,1 mrd. kroner, er det gitt tilsegn for meir enn 1,5 mrd. kroner i byrjinga av oktober 2020. I tillegg har Innovasjon Noreg mottatt søknader for ytterlegare 1,3 mrd. kroner. Her vil truleg det meste av midla bli bundne opp i tilsegn innan utgangen av året. Det er ikkje sikkert at selskapet kan handsame alle søknadene og gi formelt tilsegn for alle midla innan årsslutt. Av den eigne ramma for mentortjenester vil venteleg under 50 pst. vere bunde opp ved årsslutt.

Innovasjon Noreg fekk òg ved Stortinget sitt vedtak 31. mars ei betydeleg auka låneramme for innovasjonslåneordninga, frå 1,4 til 3 mrd. kroner. Det blei samstundes øyremerka 720 mill. kroner ekstra til tapsfond. Ettersom kapasiteten til sakshandsaming og -avgjersler er avgrensa, er det usikkert om selskapet kan handsame alle søknadene og gi formelt tilsegn for heile låneramma innan årsslutt.

Stortinget vedtok gjennom handsaminga av Prop. 142 S (2019–2020) og Innst. 19 S (2020–2021) å vidareføre og utvide tilskotsordninga for bedriftsutvikling i reiselivsnæringa til å inkludere messe- og konferansearrangørar. Vidare at det skulle vurderast om nyetablerte føretak, utan omsetning i referanseårnader i 2019, kan bli inkludert i ordninga. Nærings- og fiskeridepartementet legg til grunn å inkludere nyetablerte føretak som kan dokumentere eit omsetningsfall på minst 30 pst. dei to siste månadene (i gjennomsnitt) før søknadstidspunktet, samanlikna med gjennomsnittleg omsetning i januar og februar 2020. Endringar i ordninga må bli fastsett innanfor rammene av EØS-avtalen sine statsstøtteregrlar og bli godkjent av EFTA sitt overvakingsorgan (ESA).

Normalt skal den del av midla som er løyva over kap. 2421, post 50 og som ikkje er bunde opp i tilsegn ved utgangen av året, bli tilbakeført til statskassa året etter. Grunna den krevjande tilstanden i næringslivet og for å bidra til normal tilfredsstillande sakshandsaming i Innovasjon Noreg legg Nærings- og fiskeridepartementet som eit eingangstiltak til grunn at den del av løyvinga som er knytt til ekstraordinære koronatiltak og som ikkje blir bunde opp i tilsegn i 2020, kan nyttast i 2021.

#### *Post 52 Låneordning for pakkereisearrangørar – tapsavsetjing*

Ved handsaminga av Innst. 360 S og Prop. 127 S (2019–2020) om økonomiske tiltak i møte med virusutbrotet vedtok Stortinget ei løying på

750 mill. kroner til tapsavsetjing for ei ny låneordning til pakkereisearrangørar. Låneordninga har ei ramme på 1,5 mrd. kroner. Det var venta eit større behov for lån til å betale ut refusjonar enn det næringa faktisk har hatt. I tillegg vil fleire søkerar få omgjort lån til tilskot når tilskotsdelen, jf. omtale under post 73 nedanfor, aukar til 40 pst. av refusjonsbeløpet.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 631,5 mill. kroner, frå 750 til 118,5 mill. kroner.

#### *Post 73 Tilskotsordning for pakkereisearrangørar*

Ved handsaminga av Innst. 360 S og Prop. 127 S (2019–2020) om økonomiske tiltak i møte med virusutbrotet vedtok Stortinget ei løying på 500 mill. kroner til ei tilskotsordning til pakkereisearrangørar. Førebels har Innovasjon Noreg utbetalt om lag 93,5 mill. kroner under ordninga, og søkerane har fått dekt 20 pst. av refusjonane til forbrukarar. Stortinget har vedtatt å gi tilskot tilsvarte 40 pst. av refusjonane samla, med ei øvre grense på 800 000 euro, om lag 8 mill. kroner. Søknadsinngangen har vore lågare enn føresett, og fleire søkerar har hatt mindre refusjonar enn opphavleg anslått.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 365 mill. kroner, frå 500 til 135 mill. kroner.

#### *Post 74 Reiseliv, profilering og kompetanse, kan overførast*

Arbeidet med å fremme eksport har eit stort innslag av brukarbetaling. I 2020 la Innovasjon Noreg opphavleg til grunn inntekter på 81 mill. kroner frå brukarar. Nye anslag viser om lag 50 mill. kroner lågare inntekter som følgje av pandemien. Selskapet har redusert kostnadene, men ein stor del av dei er faste, mellom anna tilsette og prosjekt-kostnadar, som alt er utbetalt.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 20 mill. kroner, frå 478 til 498 mill. kroner.

#### *Post 75 Grøn plattform, kan nyttast under post 50, 71, 72 og 76*

Stortinget har gitt løyvingar på til saman 333 mill. kroner til grøn plattform, som Innovasjon Noreg, Noregs forskingsråd og Siva skal arbeide saman om. Løyvinga til Innovasjon Noreg er på 102,5 mill. kroner. Dette er tenkt som eit treårig

prosjekt, og regjeringa har gjort framlegg om same løyvingar i 2021-budsjettet. Det er førebels usikkert kor mykje av løyvinga som kan bindast opp i 2020, og om noko av løyvinga vil bli nytta under postane 50, 71, 72 eller 76. Dette heng saman med korleis dei tre aktørane vel å innrette samarbeidet om plattforma.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at posten blir tilført stikkordet «kan overførast», jf. framlegg til vedtak II, 3.

#### *Post 79 Tilskot til kondemneringsordning for skip*

Ved handsaminga av Innst. 360 S og Prop. 117 S (2019–2020) blei det oppretta ei kondemneringsordning for skip i nærskipsfart. Målet med kondemneringsordninga er å bidra til at eldre skip i norske farvatn blir erstatta med null- og lågutsleppsfartøy. Stortinget har løyva 75 mill. kroner til ordninga i 2020. Ordninga blei oppretta og operativ i august 2020, og det vil ta tid frå tilsegn blir gitt til kvart enkelt tilskot er utbetalt fullt ut. Regjeringa har sett iverk ei rekke økonomiske tiltak i 2020 for å avhjelpe konsekvensane av pandemien og smitteverntiltak. Deler av løyvinga vil truleg ikkje kome til utbetaling i inneverande år, men vil vere eit sentralt verkemiddel òg til neste år.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at posten blir tilført stikkordet «kan overførast», jf. framlegg til vedtak II, 4.

#### *Post 80 Næringsstiltak Svalbard*

Det er løyvd 2 mill. kroner for 2020 på denne poseten som oppfølging av Strategi for innovasjon og næringsutvikling på Svalbard. Tilskot til dei enkelte prosjekta skal normalt utbetalast i takt med gjennomføringa av prosjektet, og det kan ta tid frå tilsegn blir gitt til alle formalia er på plass slik at tilskotet eller siste del av tilskotet kan utbetalast.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om at posten blir tilført stikkordet «kan overførast», jf. framlegg til vedtak II, 5.

#### *Post 90 Lån frå statskassa til utlånsverksemد, overslagsløyving*

Innovasjon Noreg kan ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og med ein rentesats som svarar til

renta på statspapir med same løpetid. Innovasjon Noreg refinansierer utlånsporteføljen ved å ta opp kort- og langsiktige lån i statskassa med tilbakebetalingstid frå to månader til fleire år, avhengig av rentebindingstid på utlåna. Innlån og avdrag blir bruttoført, dvs. at beløpa blir utgifts- og inntektsført (akkumulert) kvar gong Innovasjon Noreg tek opp eller tilbakebetalar eit lån i statskassa. Løyvinga vil variere meir som følgje av kor ofte ein refinansierer innlåna enn som følgje av endringar i utlånsvolum. Avdrag på innlåna blir inntektsført under kap. 5325. Løyvingsendrinngane på statsbudsjettet 2020 er basert på realiserte innlån og avdrag for resten av året. Innlåna har blitt noko lågare enn det som låg til grunn ved Saldert budsjett 2020. Dette inneber òg at avdraga blir redusert, jf. omtale under kap. 5325, post 90.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,1 mrd. kroner, frå 58,9 til 57,8 mrd. kroner.

#### *Post 91 Låneordning for pakkereisearrangørar – lån*

Ved handsaminga av Innst. 360 S og Prop. 117 S (2019–2020) om tilleggsløyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2020, vedtok Stortinget ei løyving på 1 500 mill. kroner til ei låneordning for pakkereisearrangørar. Det var venta eit større behov for lån til å betale ut refusjonar enn det næringa faktisk har hatt. I tillegg vil fleire søkerar få omgjort lån til tilskot når tilskotsdelen aukar til 40 pst. av refusjonsbeløpet.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1 263 mill. kroner, frå 1 500 til 237 mill. kroner.

#### **Kap. 2429 Eksportkredittordninga**

##### *Post 90 Utlån*

I samband med Stortinget si behandling av budsjettet for 2020 blei det løyvd 5 mrd. kroner til utlån under statens eksportkredittordning, som Eksportkredit Noreg forvaltar. Nytt anslag for utlån under ordninga er 6 mrd. kroner. Det er stor usikkerheit knytt til tidspunkt for utbetalingar framover.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 1 mrd. kroner, frå 5 til 6 mrd. kroner.

## **Kap. 2460 Garantiinstituttet for eksportkreditt**

### *Post 90 Utbetaling ifølge trekkfullmakt – alminneleg garantiordning*

Ved handsaminga av Innst. 360 S og Prop. 117 S (2019–2020) vedtok Stortinget å gi GIEK fullmakt til å trekke opp lån på inntil 10 mrd. kroner for utbetalingar under Alminneleg garantiordning.

Det var anslått at lånebehovet i 2020 ville utgjere om lag 4,5 mrd. kroner, og at samla lånebehov ville bygge seg opp til 18 mrd. kroner i 2025. I løpet av året har risikoen i porteføljen auka. Det er større uvisse enn før om oppbygging av fordringar, inntekter og etatens behov for likviditet for å utbetale under garantiane.

Basert på opptrekk av lån og likviditetsanalyser fra GIEK per 30. september er nytt anslag på lånebehov 9 mrd. kroner i 2020, mens samla lånebehov er antatt å ville bli 14 mrd. kroner. Reduksjon i samla lånebehov skuldast i hovudsak valutakursjusteringar. Auka i lånebehov i 2020 skuldast i hovudsak at GIEK, i fleire saker har betalt ut under garantiane på eit tidlegare tidspunkt enn det som var lagt til grunn i Prop. 117 S (2019–2020).

GIEK arbeider aktivt med å inndrive fordringar. Det er stor uvisse om kor stor del av fordringane som vil kunne gjenvinnast. I Prop. 117 S (2019–2020) var det antatt at 30 pst. av fordringane vil kunne gjenvinnast. Vidare blei det opplyst at det var sannsynleg at inntekter under Alminneleg garantiordning ikkje ville dekkje utgifter under ordninga. Ved handsaming av Prop. 117 S (2019–2020) vedtok Stortinget derfor å sette av 10 mrd. kroner til å dekke eventuelle tap under ordninga. Sjølv om risikoen i porteføljen har auka, er det likevel antatt at det er mest sannsynleg at gjenvinningsgrad vil vere 30 pst. Anslag på underbalanse er førebels innanfor avsetninga til eventuelt tap. GIEK vil framleis arbeide for å ivareta interessene til staten best mogeleg i alle enkeltsaker og i porteføljen som heilheit. Nærings- og fiskeridepartementet har tett oppfølgjing av situasjonen og vil halde fram med å orientere Stortinget om risikoen i porteføljen i dei ordinære budsjettprosessane.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 4,5 mrd. kroner, frå 4,5 til 9 mrd. kroner.

## **Kap. 2540 Stønad under arbeidsløyse til fiskarar og fangstmenn**

### *Post 70 Tilskot, overslagsløyving*

Koronakrisa har ført til auka utbetalingar frå ordninga i 2020, som følge av karantene-reglane. Det tar òg lengre tid å få ferdig fartøy som er på verkstad, og mange nybygg har blitt forseinka. Det gjer at utbetalingane av dagpengar til fiskarar har auka.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke overslagsløyvinga med 20 mill. kroner, frå 80 til 100 mill. kroner.

## **3 Omtale av forslag til inntektsendringar**

---

### **Kap. 3902 Justervesenet**

#### *Post 01 Gebyrinntekter*

Restriksjonar som følge av virusutbrotet har medført færre operative tilsyn frå Justervesenet i ein periode. Dette har gitt ein nedgang i driftsutgiftene, jf. kap. 902, post 01, og i gebyrinntektene til etaten.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 3 mill. kroner, frå 25,5 til 22,5 mill. kroner.

#### *Post 03 Inntekter frå sal av tenester*

Restriksjonar som følge av virusutbrotet har medført at Justervesenet i ein periode har hatt færre oppdrag mellom anna knytt til kalibrering og som teknisk kontrollorgan. Dette har gitt ein nedgang i inntektene etaten har frå sal av tenester.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner, frå 24,6 til 22,6 mill. kroner.

### **Kap. 3903 Norsk akkreditering**

#### *Post 01 Gebyrinntekter og andre inntekter*

Ein viser til omtale under kap. 903, post 01 om noko redusert kjerneverksemid for Norsk akkreditering i 2020.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, frå 50,4 til 40,4 mill. kroner.

**Kap. 3904 Brønnøysundregistra***Post 01 Gebyrinntekter*

Posten omfattar gebyrinntekter frå fleire registerstener. Omfanget av gebyrpliktige registreringar i Brønnøysundregistra har auka meir enn venta i 2020. Auka er knytt til gebyr i Lausøyregisteret og Føretaksregisteret.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 27,6 mill. kroner, frå 507,9 til 535,5 mill. kroner.

*Post 02 Refusjonar, oppdragsinntekter og andre inntekter*

Løyvinga omfattar refusjon av inntekter frå oppdrag som Brønnøysundregistra tek på seg for andre. Omfanget av inntekter vil bli høgare enn venta i 2020. Dette kjem mellom anna frå refusjon for husleige frå Digitaliseringsdirektoratet. Posten har ein meirinntektsfullmakt, og departementet gjer derfor framlegg om ei parallel justering, jf. kap. 904, post 01.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 6,7 mill. kroner, frå 31,4 til 385,1 mill. kroner, mot tilsvarande auke under kap. 904, post 01.

**Kap. 3906 Direktoratet for mineralforvalting med Bergmeisteren for Svalbard***Post 86 Lovbrotsgesbyr og tvangsmulkt*

Som følgje av koronapandemien har inntektene blitt lågare enn pårekna. Dette skyldast at innkrevjingane blei stoppa i perioden mars til juni 2020 som eit tiltak for å lette byrdene på mineralnæringa i samband med virusutbrotet.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 500 000 kroner, frå 1 mill. kroner til 500 000 kroner.

**Kap. 3909 Tiltak for sysselsetjing av sjøfolk***Post 01 Tilbakeføring av tilskot*

Sjøfartsdirektoratet fører kontroll med utbetalinger under tilskotsordninga for sysselsetjing av sjøfolk. Eit krav for at reiarlag kan få tilskot, er at arbeidstakar det søkast om tilskot for, har rett til sjømannsfrådrag etter skattelova. Sjøfartsdirektoratet styrka i 2019 kontrollen av kravet om rett til sjømannsfrådrag er oppfylt. Denne kontrollen blei vidareført i 2020. Det er venta ei høgare tilbake-

betaling enn det som låg til grunn i Saldert budsjett 2020.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke inntektene med 3,3 mill. kroner, frå 5 til 8,3 mill. kroner.

**Kap. 3910 Sjøfartsdirektoratet***Post 01 Gebyr for skip og flyttbare innretningar i NOR*

Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere gebyrinntektene med 2 mill. kroner. Redusjonen har særleg samanheng med forseinkingar i byggeprosjekt i utlandet grunna koronasituasjonen.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere inntektene med 2 mill. kroner, frå 217,8 til 215,8 mill. kroner.

*Post 02 Maritime personellsertifikat*

Koronapandemien har ført til ei forskyving og ein reduksjon på estimerte inntekter med 2,7 mill. kroner for 2020. Direktoratet har som eit tiltak for å oppretthalde maritim verksemad i krisa, forlenga gyldigheitstida til sertifikata. Det same har utanlandske maritime administrasjonar gjort. Dette har ført til eit redusert tal på sertifikat og påteikningar.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere posten med 2,7 mill. kroner, frå 19,4 til 16,7 mill. kroner.

*Post 03 Ymse inntekter*

Inntektene under posten gjeld i hovudsak refusjonar frå andre. Sjøfartsdirektoratet ventar samla inntekter på om lag 7,4 mill. kroner. Posten har ein meirinntektsfullmakt, og det blir gjort framlegg om ei parallel justering under kap. 910, post 01 og kap. 3910, post 03.

På dette grunnlaget gjer Nærings og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 7 mill. kroner, frå 425 000 kroner til 7,4 mill. kroner, mot tilsvarande auke under kap. 910, post 01 Driftsutgifter.

*Post 04 Gebyr for skip i NIS*

Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 4,7 mill. kroner, frå 54,6 til 59,3 mill. kroner.

### *Post 86 Lovbrotsgebyr og tvangsmulkt*

Sjøfartsdirektoratet har utvikla ein meir målretta tilsynsmetodikk og automatiske varsel ved mogelege brot. Dette har ført til ei auking av gebyr for brot på regelverket.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke posten med 4,2 mill. kroner, frå 4,8 til 9 mill. kroner.

### **Kap. 3911 Konkurransetilsynet**

#### *Post 03 Refusjonar og andre inntekter*

Inntektene på denne posten gjeld først og fremst refusjonar for kurs og konferansar. Grunna koronakrisa har Konkurransetilsynet måtte avlyse den årlege fagkonferansen, og mottek derfor heller ikkje deltakaravgifter. På bakgrunn av dette gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 200 000 kroner, frå 200 000 kroner til 0.

#### *Post 86 Lovbrotsgebyr*

Konkurransetilsynet hadde per 1. september 2020 uteståande gebyr på 805,5 mill. kroner. Det er knytt stor uvisse til tidspunkt for innbetaling av uteståande gebyr i 2020 grunna klagehandsaming og klagefristar.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 100 000 kroner, frå 100 000 kroner til 0.

### **Kap. 3912 Klagenemndssekretariatet**

#### *Post 01 Klagegebyr*

Frå 2018 blei regelendring om at medhald i klagesak i Klagenemnda for offentlege anskaffingar vil kunne gje tilbakebetaling av innbetalt klagegebyr gjeldande, og grunna dette får sekretariatet lågare inntekter i 2020.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 350 000 kroner, frå 1,2 mill. kroner til 800 000 kroner.

#### *Post 87 Lovbrotsgebyr*

Inntektene på posten gjeld vedtak om brot i klagesaker om offentlege anskaffingar der det er gjeve gebyr for brot. Det er utfakturert klagegebyr i åtte klagesaker i år og innbetalt 3,66 mill. kroner per 17. september 2020. Storleiken på

rekneskapsførte gebyr vil variere frå år til år ut frå talet på saker og eigenarten på sakene. På bakgrunn av dette gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke posten med 3,6 mill. kroner, frå 100 000 kroner til 3,7 mill. kroner.

### **Kap. 3917 Fiskeridirektoratet**

#### *Post 05 Sakshandsamingsgebyr*

Posten gjeld gebyr for akvakultursøknader, innmeldingsgebyr for merkeregisteret og gebyr for søknader om ervervstillatingar mv.

Gebyrinntektene har i 2020 vore mindre enn føresett. Av omsyn til realistisk budsjettering gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2,7 mill. kroner, frå 18,7 til 16 mill. kroner.

#### *Post 13 Inntekter vederlag oppdrettskonsesjonar*

Inntektene på posten er knytt til vekst i akvakulturkapasitet. Stortinget vedtok ei løyving på 5 121,48 mill. kroner i samband med handsaminga av Innst. 360 S og Prop. 117 S (2019–2020). Nye anslag tilseier at inntektene vil auke til om lag 7 040 mill. kroner i 2020.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 1 918,5 mill. kroner, frå 5 121,5 til 7 040 mill. kroner.

#### *Post 22 Inntekter ordninga fiskeforsøk og utvikling*

Posten har blitt brukt til fangstinntekter og andre inntekter knytt til ordninga for fiskeforsøk og utvikling. Fiskeridirektoratet har no berre sporadiske inntekter frå forskingsfangst. Den delen av ordninga for fiskeforsøk og utvikling som tidlegare blei finansiert av fangstinntekter, blir no finansiert av fiskeriforskinsavgift.

Fiskeridirektoratet har inntil no bruttoført dei kostnadene til ordninga som har blitt finansiert med fiskeriforskinsavgift. Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om at utgiftene til ordninga i staden blir ført direkte mot kap. 917, post 22 Fiskeriforsking og -overvaking, slik at utgiftene og inntektene knytt til denne delen av fiskeriforskinsavgifta ikkje blir ført dobbelt i statsrekneskapen.

I 2020 er det for første gong på nokre år gjeve ei forskingskvote, for å gjennomføre forsøk med torsketrål, som vil generere ei fangstinntekt på om lag 1 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 3,7 mill. kroner, frå 4,7 til 1 mill. kroner.

#### *Post 86 Forvaltingssanksjonar*

Posten gjeld inntekter frå forvaltingssanksjonar på fiskeri- og havbruksområdet. Omfanget av sanksjonar har blitt høgare enn venta. Av omsyn til realistisk budsjettering gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 9 mill. kroner, frå 1 til 10 mill. kroner.

#### **Kap. 3926 Hafvforskinsinstituttet, forskingsfartøy**

##### *Post 01 Oppdragsinntekter*

Ein viser til omtale under kap. 926, post 01.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 37 mill. kroner, frå 88,2 til 125,2 mill. kroner.

#### **Kap. 3935 Patentstyret**

##### *Post 01 Inntekter av informasjonstenester*

Som følgje av færre forundersøkingar innan varemerke enn forutsett vil Patentstyret sine inntekter frå informasjonstenester bli lågare enn det som blei lagt til grunn i Saldert budsjett 2020.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 800 000 kroner, frå 4,7 til 3,9 mill. kroner.

##### *Post 04 Ymse inntekter*

Posten gjeld tilskot frå Utanriksdepartementet for å fremme kunnskap om immaterielle rettar i utviklingsland. På grunn av virusutbrotet er dei fleste av tiltaka avlyst.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 3,5 mill. kroner, frå 4,1 til 0,6 mill. kroner.

#### **Kap. 3940 (nytt) Internasjonaliseringstiltak**

##### *Post 71 Tilbakebetaling av støtte ved kapitalvareeksport*

Ordninga med fastrentelån (CIRR-lån) til kjøparar av norske eksportvarer, den såkalla 108-ordninga, blei oppretta i 1978. Føremålet med ordninga har vore å fremje norsk eksport. Dette blei gjort ved å tilby norske eksportørar av kapitalvarer og arbeids-

og tenesteytingar eit konkuransedyktig eksportkreditttilbod på same gode vilkår som offentleg støtta eksportkredittar i våre konkurrentland.

For 2020 blei det i budsjettet lagt opp til ei utbetaling på 48,9 mill. kroner under kap. 940, post 73. Saldoen på uteståande utlån under 108-ordninga utgjorde i overkant av 2,3 mrd. kroner ved utgangen av 2019.

Eksportfinans har orientert departementet om at 108-ordninga har blitt belasta enkelte kostnader knytt til misleghald av lån som ikkje skal belastast ordninga. 23,7 mill. kroner skal derfor tilbake til statskassa.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei ny løying på 23,7 mill. kroner.

#### **Kap. 3950 Forvalting av statleg eigarskap**

##### *Post 96 Sal av aksjar*

I saldert budsjett 2020 er det løyvd 100 mill. kroner frå mogelege statlege aksjesal. Endelige og fullstendige inntektsbeløp for dei einskilde aksjesala er føresett løyvd i løpet av budsjettåret når transaksjonane er avklara eller gjennomførte, enten i eigne proposisjonar eller i dei faste endringsproposisjonane i vår- og haustsesjonen.

##### *GIEK Kredittforsikring AS*

Med grunnlag i fullmakt frå Stortinget, jf. Prop. 1 S (2019–2020) for Nærings- og fiskeridepartementet, selde departementet alle sine aksjar, tilsvarande 100 pst. av aksjekapitalen, i GIEK Kredittforsikring i juli 2020. Salssummen utgjorde 105,1 mill. kroner.

##### *Tilbakekjøpsavtalar*

Generalforsamlinga i eit aksjeselskap kan gi styret fullmakt til å kjøpe tilbake eigne aksjar med føremål å slette desse aksjane på eit seinare tidspunkt. Slettinga inneber nedsetting av selskapskapitalen og må vedtakast av ei ny generalforsamling. Dette er ein metode der eigenkapital tilbakeførast til aksjonærane.

Nærings- og fiskeridepartementet har dei siste åra inngått avtalar som forpliktar staten til å delta ved slike tilbakekjøp. Avtalane er utforma slik at staten sin eigardel blir uendra etter kapitalnedsettinga. Avtalane er offentlege og regulerer òg utrekning av vederlaget som staten skal ta imot. Nærings- og fiskeridepartementet inngjekk i 2018 slike tilbakekjøpsavtalar med DNB ASA, Entra ASA, Telenor ASA og Yara International ASA.

**DNB ASA**

Generalforsamlinga i DNB ASA gav i april 2019 styret i selskapet fullmakt til å erverve eigne aksjar inntil 3,5 pst. av selskapet sin aksjekapital i marknaden og frå staten. Fram til mars 2020 kjøpte selskapet 19 758 000 eigne aksjar i marknaden. Kapitalnedsetting og sletting av desse aksjane, og 10 178 364 aksjar frå staten, blei vedtatt på ordinær generalforsamling i DNB ASA i juni 2020. Etter at kapitalnedsettinga blei sett i kraft, fekk staten utbetalt eit vederlag på 1 657,2 mill. kroner for dei innløyste aksjane. Staten sin eigardel er etter dette uendra på 34 pst.

**Telenor ASA**

Generalforsamlinga i Telenor ASA gav i mai 2019 styret i selskapet fullmakt til å erverve inntil 43 000 000 eigne aksjar, om lag 3 pst. av selskapet sin aksjekapital. Kapitalnedsetting og sletting av desse aksjane, og 23 205 038 aksjar frå staten, blei vedtatt på ordinær generalforsamling i Telenor ASA i mai 2020. Etter at kapitalnedsettinga blei sett i kraft, fekk staten utbetalt eit vederlag på 4 112,8 mill. kroner for dei innløyste aksjane. Staten sin eigardel er etter dette uendra på 53,97 pst.

**Yara International ASA**

Generalforsamlinga i Yara International ASA gav i mai 2019 styret i selskapet fullmakt til å erverve eigne aksjar inntil 5 pst. av selskapet sin aksjekapital i marknaden og frå staten. Fram til generalforsamling 2020 kjøpte selskapet 2 724 026 eigne aksjar i marknaden. Kapitalnedsetting og sletting av desse aksjane, og 1 546 374 aksjar frå staten, blei vedtatt på ordinær generalforsamling i Yara International ASA i mai 2020. Etter at kapitalnedsettinga blei sett i kraft, fekk staten utbetalt eit vederlag på 540,1 mill. kroner for dei innløyste aksjane. Staten sin eigardel er etter dette uendra på 36,21 pst.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 6 315,2 mill. kroner, frå 100 til 6 415,2 mill. kroner.

**Kap. 5325 Innovasjon Noreg*****Post 71 (ny) Tilbakeføring frå tilskotsfond for næringssamarbeid med Nordvest-Russland***

Tilskotsfondet for næringssamarbeid med Nordvest-Russland blei oppretta i 1996 med ei løyving

på 30 mill. kroner. Formålet med fondet har vore å styrke samarbeidet mellom norske og russiske verksemder i Nordvest-Russland. Innovasjon Noreg har forvalta fondet, men det har ikkje vore aktivitet dei siste 3–4 åra sidan det har vore svært liten interesse for ordninga. Ved utgangen av 2019 utgjorde disponible midlar i fondet 6 mill. kroner. Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om at fondet blir avvikla og dei resterande midla i fondet på om lag 6 mill. kroner blir ført tilbake til staten på ein ny inntektspost.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg ei løyving på 6 mill. kroner på ny post.

***Post 90 Avdrag på uteståande fordringar***

Posten omfattar avdrag på lån som Innovasjon Noreg har tatt opp i statskassa. Ein viser til omtale av opplegget for innlån under kap. 2421, post 90 ovanfor. Som følgje av noko lågare opptak av lån enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2020, er det behov for å redusere løyvinga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 0,5 mrd. kroner frå 57,8 til 57,3 mrd. kroner.

***Kap. 5329 Eksportkredittordninga******Post 90 Avdrag på uteståande fordringar***

I Saldert budsjett 2020 blei det løyvd 11,8 mrd. kroner til inntekt frå avdrag under eksportkredittordninga. Eksportkreditt Noreg anslår at avdrag på utestående fordringar i 2020 vil bli 3,9 mrd. kroner meir enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2020. Auken kjem av konsolideringar og garantistar som av ulike årsaker ser seg nøydd til å gå inn i ulike engasjement på grunn av likviditetsproblem, overkontrahering og generelle marknadsvilkår.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3,9 mrd. kroner, frå 11,8 til 15,7 mrd. kroner.

***Kap. 5460 Garantiinstituttet for eksportkredit******Post 73 Inntekter under ny statleg garantiordning for re-forsikring av kredittforsikring***

I samband med Stortinget si behandling av Prop. 117 S (2019–2020) vedtok Stortinget å opprette ei midlertidig statleg garantiordning for re-forsikring av kredittforsikring, jf. Innst. 360 S (2019–2020). Inntekter under ordninga blei anslått til

195 mill. kroner. Nytt anslag på inntekter i 2020 er 166 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 29 mill. kroner, frå 195 til 166 mill. kroner.

#### *Post 90 (ny) Avdrag på uteståande utbetaling ifølgje trekkfullmakt*

Ein viser til omtale under kap. 2460, post 90 Utbetaling ifølgje trekkfullmakt – alminneleg garantiordning. I 2020 har GIEK, på grunn av at enkelte saker har tatt lenger tid enn antatt, tilbakeført 1,7 mrd. kroner av lån som GIEK har trekt opp i løpet av året. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 1,7 mrd. kroner på ny post.

#### **Kap. 5574 Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet**

##### *Post 72 Kontroll- og tilsynsavgift akvakultur*

Inntektene er knytt til Fiskeridirektoratet sin kontroll og tilsyn med havbruk. Beste anslag for inntektene i 2020 tilseier at løyvinga blir redusert med 1,6 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,6 mill. kroner, frå 29,6 til 28 mill. kroner.

##### *Post 74 Fiskeriforskningsavgift*

Inntektene frå fiskeriforskningsavgifta svarer til 1,35 pst. av førstehandsomsetninga for villfisk. Nytt anslag for førstehandsomsetninga tilseier at avgifta vil utgjere om lag 305 mill. kroner i 2020, som er ein reduksjon på 15 mill. kroner. Løyvингane på kap. 917, post 22 og kap. 923, post 22 som er finansiert av fiskeriforskningsavgifta, er òg fremma redusert med til saman 15 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 15 mill. kroner, frå 320 til 305 mill. kroner.

#### **Kap. 5625 Renter og utbyte frå Innovasjon Noreg**

##### *Post 80 Renter på lån frå statskassa*

Innovasjon Noreg kan ta opp innlån i statskassa til å finansiere utlånsordningane sine til valfri løpetid og ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Ut frå faktiske renteinnbetalinger så langt i år og prognosar for resten av året

er det grunnlag for å redusere løyvinga. Årsaka er i hovudsak mykje lågare rentesatsar på innlåna enn det som blei lagt til grunn ved budsjettering av løyvinga i fjor haust.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 125 mill. kroner, frå 260 til 135 mill. kroner.

#### **Kap. 5629 Renter frå eksportkredittordninga**

##### *Post 80 Renter*

I samband med Stortinget si behandling av budsjettet for 2020 blei det løvd 1 600 mill. kroner i inntekter frå renter under eksportkredittordninga. Nytt anslag er 1 320 mill. kroner. Årsaka er lågare renteinntekter i marknaden enn det som blei rekna med då løyvinga opphavleg blei budsjettet.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 280 mill. kroner, frå 1 600 til 1 320 mill. kroner.

#### **Kap. 5656 Aksjar under Nærings- og fiskeridepartementet si forvalting**

##### *Post 85 Utbyte*

Ved handsaminga av Innst. 360 S og Prop. 117 S (2019–2020) blei løyvinga satt til 20 409,8 mill. kroner. Nye tal viser at utbyte frå selskapa vil bli 2 787,3 mill. kroner lågare. Utbyte frå DNB ASA, Argentum Fondsinvesteringer AS og Telenor ASA blei høvesvis 4 835,7 mill. kroner, 500 mill. kroner og 99,8 mill. kroner lågare, mens Kongsberg Gruppen ASA og Yara International ASA har auka utbyte med høvesvis 900 og 1 747,7 mill. kroner. I tillegg er det nokre små endringar i innbetalt utbyte frå dei andre selskapa.

For Telenor skuldast endringa sletting av aksjar i samband med tilbakekjøpsavtale. For Argentum blei det vedtatt 0 i utbyte på generalforsamlinga til selskapet 19. juni 2020, på bakgrunn av svekka likviditet og likviditetsprognose gitt endra markedsforhold. For DNB har styret nyleg annonserat at det ikkje vil foreslå at det blir utbetalt utbyte i 2020 for rekneskapsåret 2019. Styret varsla samstundes at det vil gjere framlegg for ei ekstraordinær generalforsamling 30. november at det får fullmakt til å ta stilling til om utbyte for 2019 på maksimalt 9 kroner per aksje skal utbeta last i 2021 før ordinær generalforsamling sommarren 2021. For Kongsberg Gruppen skuldast auka utbyte at styret i oktober 2020 vedtok eit ekstra-

ordinært utbyte etter ei oppdatert vurdering og basert på ein fullmakt frå ordinær generalforsamling tidlegare same år. For Yara International skuldast auka utbyte at styret i oktober 2020 vedtok framlegg om å betale ut eit tilleggsutbyte. Ekstraordinær generalforsamling vil 17. november handsame styret sitt framlegg.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2 787,3 mill. kroner, frå 20 409,8 til 17 622,5 mill. kroner.

#### **Fullmakt til å avhende aksjar**

I Prop. 1 S Tillegg 1 (2020–2021) er det fremma ein omfattande sak for Stortinget om staten sitt eigarskap i Aker Kværner Holding AS og avtale med Aker ASA. Departementet og Aker ASA inn gjekk ein avtale 31. august 2020 om avvikling av det felles eigarskapet i Aker Kværner Holding, med etterhald om Stortinget sitt samtykkje. Avtala inneber at staten sine aksjar i Aker Kværner Holding (30 pst.) blir overført til Aker Kværner Holding i bytte mot 30 pst. av Aker Kværner Hol-

ding sine aksjar i Aker Solutions ASA, Kværner ASA, Akastor ASA, Aker Carbon Capture AS og Aker Offshore Wind Holding AS. I tillegg vil staten ta imot eit kontantvederlag som tilsvrar 30 pst. av netto kontantar i Aker Kværner Holding. Samtidig med at staten sitt eigarskap i Aker Kværner Holding blir avvikla, vil aksjonæravtalen falle bort. Ein viser til meir inngående omtale i Prop. 1 S Tillegg 1 (2020–2021). Det er usikkert om avtalen kan bli inngått i 2020 eller i 2021. Regjeringa gjer derfor framlegg om tilsvarande fullmakt både for 2020 og 2021 slik at oppløysinga òg kan bli gjennomført i 2020 dersom det er hensiktsmessig for staten og Aker, jf. framlegg til vedtak VI.

Nærings- og fiskeridepartementet

t i l r å r :

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2020 under Nærings- og fiskeridepartementet.

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2020 under Nærings- og fiskeridepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

**Forslag**

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2020 under  
Nærings- og fiskeridepartementet**

## I

I statsbudsjettet for 2020 blir det gjort følgjande endringar:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
900		Nærings- og fiskeridepartementet	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir auka med .....	2 000 000
		frå kr 38 750 000 til kr 40 750 000	
	71	Miljøtiltak Raufoss, blir auka med .....	1 100 000
		frå kr 4 300 000 til kr 5 400 000	
	79	Kompensasjonsordning for utgifter til lovpålagt vedlikehald i sesongbedrifter, blir redusert med .....	229 500 000
		frå kr 250 000 000 til kr 20 500 000	
902		Justervesenet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med .....	2 200 000
		frå kr 124 500 000 til kr 122 300 000	
903		Norsk akkreditering	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med .....	10 000 000
		frå kr 56 215 000 til kr 46 215 000	
904		Brønnøysundregistra	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med .....	3 300 000
		frå kr 359 410 000 til kr 356 110 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med .....	5 500 000
		frå kr 21 850 000 til kr 27 350 000	
	45	Større utstyrsskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	65 000 000
		frå kr 188 000 000 til kr 123 000 000	
905		Noregs geologiske undersøking	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med .....	10 000 000
		frå kr 199 890 000 til kr 189 890 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
(NY)	45	Større utstyrsskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir løyvd med .....	4 000 000
906		Direktoratet for mineralforvalting med Bergmeisteren for Svalbard	
	31	Miljøtiltak Løkken, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... fra kr 7 500 000 til kr 6 800 000	700 000
907		Norsk nukleær dekommisjonering	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... fra kr 50 040 000 til kr 40 040 000	10 000 000
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... fra kr 177 000 000 til kr 77 000 000	100 000 000
	30	Opprydding Søve, blir redusert med ..... fra kr 2 000 000 til kr 500 000	1 500 000
909		Tiltak for sysselsetjing av sjøfolk	
	73	Tilskot til sysselsetjing av sjøfolk, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... fra kr 2 263 000 000 til kr 2 188 000 000	75 000 000
910		Sjøfartsdirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... fra kr 434 250 000 til kr 441 250 000	7 000 000
915		Regelrådet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... fra kr 11 230 000 til kr 11 030 000	200 000
917		Fiskeridirektoratet	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir redusert med ..... fra kr 11 200 000 til kr 7 500 000	3 700 000
	22	Fiskeriforsking og -overvakning, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... Frå kr 111 919 000 til kr 106 419 000	5 500 000
(NY)	45	Større utstyrsskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir løyvd med .....	2 100 000
919		Ymse fiskeriføremål	
	73	Tilskot til kompensasjon for CO <sub>2</sub> -avgift, blir redusert med ..... fra kr 5 000 000 til kr 1 000 000	4 000 000
	74	Erstatningar, kan overførast, blir auka med ..... fra kr 1 900 000 til kr 4 000 000	2 100 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
922		Romverksemd	
	51	Eigenkapital til Andøya Space Center, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	253 600 000
		frå kr 282 600 000 til kr 29 000 000	
	70	Kontingent i European Space Agency (ESA), blir auka med .....	12 500 000
		frå kr 232 920 000 til kr 245 420 000	
	71	Internasjonal romverksemd, blir auka med .....	21 600 000
		frå kr 502 240 000 til kr 523 840 000	
	73	EU sine romprogram, blir auka med .....	10 270 000
		frå kr 396 000 000 til kr 406 270 000	
	76	Tilskot til Andøya Space Center, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	46 000 000
		frå kr 83 000 000 til kr 37 000 000	
923		Havforskningsinstituttet	
	22	Fiskeriforskning og -overvaking, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	9 500 000
		frå kr 204 500 000 til kr 195 000 000	
924		Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram	
	70	Tilskot, blir auka med	705 000
		frå kr 10 795 000 til kr 11 500 000	
926		Havforskningsinstituttet, forskningsfartøy	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med .....	37 000 000
		frå kr 88 000 000 til kr 125 000 000	
	45	Større utstyrsskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	2 100 000
		frå kr 107 000 000 til kr 104 900 000	
935		Patentstyret	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med .....	800 000
		frå kr 284 205 000 til kr 283 405 000	
950		Forvaltning av statleg eigarskap	
	21	Særskilde driftsutgifter, blir auka med .....	16 700 000
		frå kr 22 800 000 til kr 39 500 000	
2421		Innovasjon Noreg	
	52	Låneordning for pakkereisearrangørar – tapsavsetjing, blir redusert med .....	631 500 000
		frå kr 750 000 000 til kr 118 500 000	
	73	Tilskotsordning for pakkereisearrangørar, blir redusert med .....	365 000 000
		frå kr 500 000 000 til kr 135 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	74	Reiseliv, profilering og kompetanse, <i>kan overførast</i> , blir auka med .....	20 000 000
		frå kr 478 000 000 til kr 498 000 000	
	90	Lån frå statskassa til utlånsverksemd, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med .....	1 100 000 000
		frå kr 58 900 000 000 til kr 57 800 000 000	
	91	Låneordning for pakkereisearrangørar – lån, blir redusert med .....	1 263 000 000
		frå kr 1 500 000 000 til kr 237 000 000	
2429		Eksportkredittordninga	
	90	Utlån, blir auka med .....	1 000 000 000
		frå kr 5 000 000 000 til kr 6 000 000 000	
2460		Garantiinstituttet for eksportkreditt	
	90	Utbetalig ifølgje trekkfullmakt – alminneleg garantiordning, blir auka med .....	4 500 000 000
		frå kr 4 500 000 000 til kr 9 000 000 000	
2540		Stønad under arbeidsløyse til fiskarar og fangstmenn	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	20 000 000
		frå kr 80 000 000 til kr 100 000 000	

**Inntekter:**

Kap.	Post	Formål	Kroner
3902		Justervesenet	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med ..... frå kr 25 550 000 til kr 22 550 000	3 000 000
	03	Inntekter frå sal av tenester, blir redusert med ..... frå kr 24 650 000 til kr 22 650 000	2 000 000
3903		Norsk akkreditering	
	01	Gebyrinntekter og andre inntekter, blir redusert med ..... frå kr 50 450 000 til kr 40 450 000	10 000 000
3904		Brønnøysundregistra	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med ..... frå kr 507 850 000 til kr 535 450 000	27 600 000
	02	Refusjonar, oppdragsinntekter og andre inntekter, blir auka med ..... frå kr 31 350 000 til kr 38 050 000	6 700 000
3906		Direktoratet for mineralforvalting med Bergmeisteren for Svalbard	
	86	Lovbrotsgebyr og tvangsmulkt, blir redusert med ..... frå kr 1 000 000 til 500 000	500 000
3909		Tiltak for sysselsetjing av sjøfolk	
	01	Tilbakeføring av tilskot, blir auka med ..... frå kr 5 000 000 til kr 8 300 000	3 300 000
3910		Sjøfartsdirektoratet	
	01	Gebyr for skip og flyttbare innretningar i NOR, blir redusert med ..... frå kr 217 800 000 til kr 215 800 000	2 000 000
	02	Maritime personellsertifikat, blir redusert med ..... frå kr 19 400 000 til kr 16 700 000	2 700 000
	03	Ymse inntekter, blir auka med ..... frå kr 425 000 til kr 7 425 000	7 000 000
	04	Gebyr for skip i NIS , blir auka med ..... frå kr 54 600 000 til kr 59 300 000	4 700 000
	86	Lovbrotsgebyr og tvangsmulkt, blir auka ..... frå kr 4 800 000 til kr 9 000 000	4 200 000
3911		Konkurransestilsynet	
	03	Refusjonar og andre inntekter, blir redusert med ..... frå kr 200 000 til kr 0	200 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	86	Lovbrotsgebyr, blir redusert med ..... frå kr 100 000 til kr 0	100 000
3912		Klagenemndssekretariatet	
	01	Klagegebyr, blir redusert med ..... frå kr 1 150 000 til kr 800 000	350 000
	87	Lovbrotsgebyr, blir auka med ..... frå kr 100 000 til kr 3 660 000	3 560 000
3917		Fiskeridirektoratet	
	05	Sakshandsamingsgebyr, blir redusert med ..... frå kr 18 700 000 til kr 16 000 000	2 700 000
	13	Inntekter vederlag oppdrettskonsesjonar, blir auka med ..... frå kr 5 121 480 000 til kr 7 040 000 000	1 918 520 000
	22	Inntekter ordninga fiskeforsøk og utvikling, blir redusert med ..... frå kr 4 700 000 til kr 1 000 000	3 700 000
	86	Forvaltingssanksjonar, blir auka med ..... frå kr 1 000 000 til kr 10 000 000	9 000 000
3926		Havforskingsinstituttet, forskingsfartøy	
	01	Oppdragsinntekter, blir auka med ..... frå kr 88 150 000 til kr 125 150 000	37 000 000
3935		Patentstyret	
	01	Inntekter av informasjonstenester, blir redusert med ..... frå kr 4 700 000 til kr 3 900 000	800 000
	04	Ymse inntekter, blir redusert med ..... frå kr 4 100 000 til kr 600 000	3 500 000
3940	(nytt)	Internasjonaliseringstiltak	
	71	Tilbakebetaling av støtte ved kapitalvareeksport, blir løyvd med .....	23 700 000
3950		Forvalting av statleg eigarskap	
	96	Sal av aksjar, blir auka med ..... frå kr 100 000 000 til kr 6 415 200 000	6 315 200 000
5325		Innovasjon Noreg	
(NY)	71	Tilbakeføring frå tilskotsfond for næringssamarbeid med Nordvest-Russland, blir løyvd med .....	6 000 000
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir redusert med ..... frå kr 57 800 000 000 til kr 57 300 000 000	500 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
5329		Eksportkredittordninga	
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir auka med ..... frå kr 11 800 000 000 til kr 15 700 000 000	3 900 000 000
5460		Garantiinstituttet for eksportkreditt	
	73	Inntekter under ny statleg garantiordning for re-forsikring av kredittforsikring, blir redusert med ..... frå kr 195 000 000 til kr 166 000 000	29 000 000
(NY)	90	Avdrag på uteståande utbetaling ifølgje trekkfullmakt, blir løvd med .....	1 700 000 000
5574		Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet	
	72	Kontroll- og tilsynsavgift akvakultur, blir redusert med ..... frå 29 600 000 til kr 28 000 000	1 600 000
	74	Fiskeriforskningsavgift, blir redusert med ..... Frå kr 320 000 000 til kr 305 000 000	15 000 000
5625		Renter og utbyte frå Innovasjon Noreg	
	80	Renter på lån frå statskassa, blir redusert med ..... frå kr 260 000 000 til kr 135 000 000	125 000 000
5629		Renter frå eksportkredittordninga	
	80	Renter, blir redusert med ..... frå kr 1 600 000 000 til kr 1 320 000 000	280 000 000
5656		Aksjar under Nærings- og fiskeridepartementet si forvalting	
	85	Utbyte, blir redusert med ..... frå kr 20 409 800 000 til kr 17 622 524 000	2 787 276 000

**II****Tilføying av stikkord**

Stortinget samtykkjer i at stikkordet «*kan overførast*» tilføyast:

1. kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet, post 25 Forvalting og utvikling av kompensasjonsordning mv.
2. kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet, post 84 Førebels tilskotsordning for reiseliv på Svalbard
3. kap. 2421 Innovasjon Noreg, post 75 Grøn plattform, kan nytties under post 50, 71, 72 og 76
4. kap. 2421 Innovasjon Noreg, post 79 Tilskot til kondemneringsordning for skip
5. kap. 2421 Innovasjon Noreg, post 80 Nærings tiltak Svalbard

**III****Bestillingsfullmakt**

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet i 2020 kan gi Havforskingsinstituttet fullmakt til å foreta bestillingar ut over gitte løyingar med inntil 34 mill. kroner under kap. 926 Havforskingsinstituttet, forskingsfartøy, post 45 Større nyanskaffingar og vedlikehald.

**IV****Oppheving av bestillingsfullmakt**

Stortinget samtykkjer i at bestillingsfullmakt under kap. 905 Noregs geologiske undersøking, post 01 Driftsutgifter på 60 mill. kroner kan gå ut.

**V****Fullmakt til å overskride**

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet i 2020 kan:

1. overskride løyvinga under kap. 922 Romverksamnd, post 51 Eigenkapital til Andøya Space Center innanfor ein ramme tilsvarende tilsegn med vilkår om eigenkapital på 282,6 mill. kroner.
2. overskride løyvinga under kap. 922 Romverksamnd, post 76 Tilskot til Andøya Space Center innanfor ein ramme tilsvarende tilsegn med vilkår om tilskot på 83 mill. kroner.

**VI****Fullmakt til å avhende aksjar og erverve nye aksjar**

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet i 2020 kan avvikle eigarskapet i Aker Kværner Holding AS ved at staten sine aksjar i Aker Kværner Holding AS (30 pst.) overførast til Aker Kværner Holding AS i byte mot 30 pst. av Aker Kværner Holding AS sine aksjar i kvart av portefoljeselskapa Aker Solutions ASA/Kværner ASA, Akastor ASA, Aker Carbon Capture AS og Aker Offshore Wind Holding AS. Alle aksjar skal overførast fri for hefte og elles «som dei er». Staten vil ved avviklinga også ta imot eit kontantvederlag lik 30 pst. av netto kontantar i Aker Kværner Holding.

---